



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 04.02.2009
Tid: 15:00 – 18:45

Faste medlemmer som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---------------------|--------------|---------------|
| Harald Rydland | Ordførar | KRF |
| Gisle Norvald Levåg | Varaordførar | H |
| Wenche Tislevoll | Medlem | H |
| Agnar Aarskog | Medlem | AP |
| Lars Ove Rimmereid | Medlem | SP |

Forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|------|----------|---------------|
|------|----------|---------------|

Varamedlemmer som møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
|------|-----------|---------------|

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|----------------|--------------|
| Atle Tornes | Rådmann |
| Kristin Meland | Møtereferent |
| Halvard Wiik | Kontorsjef |
| Tore Nesbø | Driftsleiar |
| Edvin Aase | Skulesjef |
| Elise Aarbø | Kulturleiar |

Harald Rydland

Wenche Tislevoll

Lars Ove Rimmereid

Kristin Meland
Kristin Meland
Møtereferent

| Saksnr | Innhald | Lukket |
|----------|---|--------|
| PS 9/09 | Meldingar | 033 |
| PS 10/09 | Etablering av NAV kontor i Fitjar | 059 |
| PS 11/09 | Rammeavtale mellom Den Norske Veterinærforening (DNV) og KS om organisering av og godtgjersle for deltaking i klinisk veterinærtjeneste for 01.01.2009 - 31.12.2010 | 517 |
| PS 12/09 | Prioritering av tiltak i tiltakspakken | 150 |
| PS 13/09 | Arbeidsgjevarepolitiske utfordringar - uttale frå Fitjar kommune | 490 |
| PS 14/09 | Gjenopptakting av låneordninga startlån gjennom kommunen | 252 |
| PS 15/09 | Sal av tomt i Håkonar Næringspark | 600 |
| PS 16/09 | Ymse | 033 |

PS 9/09 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til vitring.

Behandling i Formannskapet - 04.02.2009:

Formannskapet drøfta føringane for innføring av eigedomsskatt og kom med innspel til administrasjonen.

Kulturleiar Elise Aarbø orienterte om Biblioteksamarbeid og Fitjar 2010 – 150 års jubileum Formannskapet kom med innspel til markering av jubileumsåret. Det blir sett ned prosjektgruppe.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 10/09 Etablering av NAV kontor i Fitjar

Framlegg til tilråding:

Fitjar formannskap rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner hovudprinsippa i avtalane med NAV.

Rådmannen får fullmakt til å fastsetja den endelege teksten der det manglar tilbakemelding frå brukargruppa.

Det vert å ta opp nye lån på kr 422.500 til finansiering av kommunen sin del av ombyggingskostnadene.

Det vert å søkja fylkesmannen om godkjenning av avtalane og låneopptaket.

Behandling i Formannskapet - 04.02.2009:

Vedtak: (Samrøystes)

Kommunestyret godkjenner hovudprinsippa i avtalane med NAV.

Rådmannen får fullmakt til å fastsetja den endelege teksten der det manglar tilbakemelding frå brukargruppa.

Det vert å ta opp nye lån på kr 422.500 til finansiering av kommunen sin del av ombyggingskostnadene.

Det vert å søkja fylkesmannen om godkjenning av avtalane og låneopptaket.

PS 11/09 Rammeavtale mellom Den Norske Veterinærforening (DNV) og KS om organisering av og godtgjersle for deltaking i klinisk veterinærteneste for 01.01.2009 - 31.12.2010

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommune sluttar seg til "Rammeavtale mellom Den Norske Veterinærforening (DNV) og KS om organisering av og godtgjersle for deltaking i klinisk veterinærtelevakt mv. (Veterinærtelevakta)", dagsett 19.12.08, gjeldande for perioden 01.01.2009 – 31.12.2010.

Behandling i Formannskapet - 04.02.2009:

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune sluttar seg til "Rammeavtale mellom Den Norske Veterinærforening (DNV) og KS om organisering av og godtgjersle for deltaking i klinisk veterinærtelevakt mv. (Veterinærtelevakta)", dagsett 19.12.08, gjeldande for perioden 01.01.2009 – 31.12.2010.

PS 12/09 Prioritering av tiltak i tiltakspakken

Framlegg til vedtak:

Formannskapet prioriterer fylgjande tiltak under dei ulike ordningane, som fylgjer:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Behandling i Formannskapet - 04.02.2009:

Formannskapet drøfta saka og kom med forslag. Etter drøfting vel formannskapet å sende saka over til Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker og til Oppvekst og Omsorg for vurdering av eksisterande og nye tiltak før saka går til kommunestyret via formannskapet.

Vedtak: (Samrøystes)

Saka vert sendt Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker og Oppvekst og Omsorg for forslag til prioriteringsliste til kommunestyret via formannskapet.

PS 13/09 Arbeidsgjevarepolitiske utfordringar - uttale frå Fitjar kommune

Framlegg til vedtak:

Fitjar formannskap vedtek det ovanstående som sitt innspel i samband med KS sitt strategiarbeid i 2009.

Behandling i Formannskapet - 04.02.2009:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 14/09 Gjenopptaking av låneordninga startlån gjennom kommunen

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

- Fitjar kommune deltek i Husbanken si ordning med Startlån.
- Fitjar kommune tek opp eit lån i Den Norske Stats Husbank på inntil kr. 3.000.000 til vidareformidling som Startlån i 2009.
- Husbanken si rente for slike lån skal påplussast 0,25 % rentemargin til dekning av kommunen sine administrasjonskostnader.

Behandling i Formannskapet - 04.02.2009:

Administrasjon kom med framlegg om eindring til kulepunkt 2 til å lyde slik:

- Fitjar kommune tek opp eit lån i Den Norske Stats Husbank på inntil kr. 3.000.000 til vidareformidling som Startlån.

Vedtak:

- Fitjar kommune deltek i Husbanken si ordning med Startlån.
- Fitjar kommune tek opp eit lån i Den Norske Stats Husbank på inntil kr. 3.000.000 til vidareformidling som Startlån.
- Husbanken si rente for slike lån skal påplussast 0,25 % rentemargin til dekning av kommunen sine administrasjonskostnader.

PS 15/09 Sal av tomt i Håkonar Næringspark

PS 16/09 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 04.02.2009:

Ordførar Harald Rydland refererte frå tur til Lyon og kåring av verdensmesteren Geir Skeie.

Ordfører Harald Rydland orienterte om:

Møte i Rosendal vedkomande båtrute ved kysten. Fitjar kommune har moglegheit til å få båt til rute i Fitjarøyane ein dag i veka til sommaren 2009.

Representanten Lars Ove Rimmereid (SP) hadde følgjande:

1. Kva skjer med restavfall for SIM etter 1. juli?

Harald Rydland orienterte om at SIM må til med forbrenning. Det ligg ikkje føre klare avtaler med Sverige enda. Ein prøver å få til forbrenningsanlegg på Haugalandet, men det er føringer på for å kvitte seg med energien.

2. Skilting til Fitjar sjø og camping. Grunna nye skiltreglar på E-39 medfører dette vansker for Fitjar sjø og camping i forbindelse med skilting.

Ordføreren tek dette vidare til møte med vegkontoret.

Rådmann Atle Tornes orienterte om:

Rekneskapen.

Ikkje heilt ferdig med rekneskapen enda. Det er for tidlig å si eksakt resultat, men me vonar å ha eit førebels resultat til KOSTRA frist 15. februar.

Driftsleiar Tore Nesbø orienterte om:

Utlysing av anbod for kjøp av vare/tenester gravearbeidar for Fitjar kommune.

Johan Nilsen var tilstades i møtet og orienterte om firma Modular Reel i Håknar Næringspark.

Ordfører Harald Rydland orienterte om

Firma i Håkonar Næringspark, flytting av opsjon på tomt. Dette vert sak til neste møte. Bustadtomt i Fitjarstølane, prinsipp for praktisering av attkjøpsklausul.

Representanten Gisle Levåg og Wenche Tislevoll (H) kom med slikt innspel:

"Grunna mangelfull budsjetthandsaming, for sein framlegging av budsjett, vesentlege feil i saksutgreiinga av eigedomsskatt, mangelfull oppfylgging av kommunestyrevedtak om utgreiing/framlegging av saldert budsjett utan eigedomsskatt, ynskjer vi at budsjettprosessen frå revidert budsjett og fram til budsjettvedtak, som førte til vedtak om innføring av eigedomsskatt, blir sendt kontrollutvalet."

Vedtak: